Bømlo-ordføraren og tyskarar gjorde strandhogg

02.07.2011

Trafikken langs vassvegen er framleis heller beskjeden, men av og til kjem det nokon som gjer strandhogg, til dømes for å nyta lunsj. Og mykje tyder på at Systrene Nilsen er i ferd med å bli eit populært reisemål i så måte. I dag fekk vi eit døme på det då Bømlo-ordføraren med følge på 10 kom til gards..

Inge Reidar Kallevåg, som no har leia kommunen der vest i 3 periodar, var som det seg hør og bør for ein Høgremann, kledt i blått og såg fram til å vera vert for eit solid selskap.

Dei kom i ein skikkeleg standsmessig båt som har vore arbeidsbåt for oppdrettsselskapet Fremskritt. Med i selskapet var også eit ektepar frå den tyske byen Høpsnick som ligg like ved Jena midt i Tyskland og i tidlegare DDR.

- Hels Synnøve, vi er gode vener, var bodskapen ordføraren kom med. Men han ville ikkje vera sæleg kategorisk då vi ba han vurdera valutsiktene for eigen del.

Over er bømlingar og tyskarar i skjønn foreining på Sandakaien. Dei var svært godt fornøgde med mat og service, melder vertskapet.

(Tekst og foto: Ola Matti Mathisen)